

NORSK LOKALHISTORISK INSTITUTT

Årsmelding 2010

SAMLA VURDERING 2010	
Innleiing	s. 2
Styre og personale	s. 4
Likestilling	s. 4
”Grøn stat”	s. 5
Rekneskap 2010	s. 5
Forklaring på avvik	s. 6
Integrering og inkludering	s. 6
Systematiske brukarundersøkingar	s. 7
IKT-arkitektur	s. 7
IA-avtale, Risiko- og vesentlegheitsvurdering	s. 8
Etiske retningslinjer for statstenesta	s. 8
Arbeidet med varslingsrutinar	s. 8
OVERORDNA MÅL	
1. FREMJE LOKALHISTORISK ARBEID	s. 8
Rettleiing	s. 9
Seminar- og kursverksemd	s. 9
Oppdragsforsking og utgreiing	s. 11
Publikasjonsverksemd	s. 11
Andre tiltak for å fremje lokalhistorie	s. 12
Nettbaseret lokalhistorie – lokalhistoriewiki.no	s. 12
Prosjektet <i>Mangfaldige minne</i>	s. 13
Prosjektet <i>Minne fra migrasjon</i>	s. 13
Prosjekt om historia til norsk-tamilane	s. 14
Samarbeid med organisasjonen Afrin	s. 14
Forsking og utgreiing	s. 14
NLIs mastergradsstipend	s. 15
2. FORMIDLING AV LOKALHISTORISK INFORMASJON	s. 15
NLIs nettsatsingar	s. 15
Produksjon og formidling av lokalhistorie via lokalhistoriewiki.no	s. 16
NLIs nettstrategiske utval	s. 18
Kontakt med lokalhistoriske aktørar og publikum	s. 18
Utstillingar	s. 19
Anna kurs- og formidlingsverksemd	s. 19
3. UTVIKLING VIDARE FOR NLI	s. 20
Samarbeid med ulike forskingsmiljø	s. 20
Deltaking i faglege konferansar og kurs	s. 22
Verv i faglege fora	s. 23
Drift av instituttet	s. 23
Ny strategiplan for ”Sosial teknologi”	s. 25
Sluttkommentar frå styret	s. 25

SAMLA VURDERING 2010

Dei totale løyvingane på statsbudsjettet, prosjektmidlar frå Norsk kulturråd og ulike andre inntekter har ført til at NLI har kunna halde aktiviteten i 2010 på relativt høgt nivå. I alt har vi hatt 6,8 betalte årsverk til disposisjon på dei fast tilsette og dei som har vore mellombels tilsett. Ein avtale med NAV Aure har dessutan ført at vi har hatt god hjelp av fagpersonar til utvikling av lokalhistoriewikien utan at instituttet har måttå bruke store ressursar sjølv. Med få unntak har NLI holde ved lag eller auka aktiviteten i høve til åra før, og vi er godt nøgde med kva vi fått til.

Dei ekstra midlane NLI har disponert i samband med prosjekt, har gitt instituttet økonomisk rom til å ha fleire fagfolk i arbeid. Desse prosjekta har også vore viktige supplement til kjerneområda av den øvrige verksemda til instituttet.

I den samla vurdering av 2010 er hovudvekta lagt på tre viktige område: Lokalhistoriewikien, mangfaldsprosjekta, forsking for dei tilsette – og innnevrd i dette – den enorme utviklinga som er skjedd i nettverksbygginga til NLI.

Store delar av det prosjektarbeidet som er blitt gjort, har vorte integrert i lokalhistoriewikien. Og ein wiki som aukar i omfang og bredde, stimulerer til enda meir vekst. Fleire kommunar, institusjonar og foreiningar ønskjer å samarbeide med instituttet om å få leggje deira eigne data på lokalhistoriewikien. Mange har søkt råd om bruk av wikiteknologi for å informere om historiske emne. Blant dei er til dømes IAKH ved Universitetet i Oslo (UiO) som søkte starthjelp hos NLI i samband med planar om presentasjon av norgeshistorie på nett. UiO har løyvd 1 million kroner til forprosjektet i 2011.

NLI har også eit lokalhistorisk nettverk. Det er eit tverrsektorieltt nettverk for institusjonar og organisasjonar som arbeider med forsking, dokumentasjon og formidling av lokalhistorie. Nettverket har i dag 426 medlemmer. NLI ser likevel på lokalhistoriewiki.no som den viktigaste samarbeidsarenaen for nettverket. Vi kjenner oss visse på at det i åra framover vil ligge et enormt potensial i denne wiki-satsinga, og at ho på lang sikt kjem til å influere på og styre det meste av arbeidet som blir gjort ved instituttet. Alle tilsette arbeider i større eller mindre grad med å utvikle lokalhistoriewikien. Dei er ikkje berre opptatt av å presentere nytt stoff her, men er også fokusert på korleis arbeid som elles blir gjort ved instituttet, kan brukast på nytt i wikien og – i ny form – nå ut til eit større publikum.

I januar 2011 inneheldt lokalhistoriewikien om lag 9600 artiklar og 10.000 bilete, ein auke på høvesvis 40 og 87 % i relasjon til situasjonen eitt år før. I alt var det registrert 813 brukarar, ein auke på 253 i høve til foregående år. Dette talet gjeld brukarar som har høve til å skrive artiklar og laste opp bilete på wikien.

Nettstaden *lokalhistorie.no* hadde i utgangen av året om lag 8000 unike brukarar ("kundar") i månaden i 2010, medan lokalhistoriewikien hadde 28.000, altså 3,5 gonger så mange unike brukarar. Og mens *lokalhistorie.no* hadde kring 25.000 sidevisingar i månaden (om lag 3 sider pr. brukar), hadde wikien nesten 500.000 (ca. 17 sider pr. brukar).

NLI har i 2010 drive aktiv marknadsføring av wikien på mange ulike vis. Bruk av Facebook er nytt av året. Wikien har kring 250 vener på Facebook, og denne kanalen vert nytta til å syne fram nye artiklar i wikien. Vi legg merke til at wikien stadig oftare vert nemnd i trykte og nettbaserte media, men den viktigaste marknadsføringa meiner vi likevel skjer gjennom produksjon av innhald på wikien. Det er difor særsviktig at vi i tida frametter har ressursar nok til å gi lokalhistoriewikien eit innhald som er interessant og pålitande.

Prosjekta *Mangfaldige minne* og *Minne frå migrasjon* har vore ein suksess, og den kompetansen og innsikta som NLI og samarbeidspartnarane har opparbeidd frå *Mangfaldsåret 2008* av, har blitt ført vidare og tatt vare på. NLI har dermed fått merksemd frå innvandrarmiljøet, medlemer i lokalhistoriske lag, politikarar og frå andre som arbeider i kultursektoren. Nettstaden <http://www.mangfoldigeminner.no/>, som mellom anna inneheld forteljingar frå migrantar som er komne til Noreg, vil bli halden ved like av NLI også etter at prosjekta formelt sett er omme.

Det fokuset som instituttet fekk i samband med Mangfaldsåret og minneprosjekta, har truleg gjort sitt til at folk i innvandrarmiljøet og andre har begynt å sjå på NLI som ein potensiell samarbeidspartner på nye og nærliggjande prosjekt (jf. bokprosjektet om afrikanarar i Noreg, prosjektet om historia til *norsk-tamilene* og prosjektet om svenske krigsbruder s. 13 og 14). I denne konteksten kan ein også plassere fleire utstillingar som NLI har halde saman med andre partnarar i 2010: Vandreutstillinga *Minne frå migrasjon* (opna på Norsk folkemuseum), "Hvor lenge varer en krig..." (Vietnamutstilling, opna på Oslo Museum) og vandreutstillinga *Veier til Søndre Nordstrand*, laga saman med Deichmanske bibliotek, Holmlia.

Desse prosjekta har bidratt til at NLI i den generelle rådgivingstenesta si har vorte meir tydeleg i kravet om å synleggjere innvandrarane i lokalhistoriske prosjekt. Samstundes har instituttet fått nye kontakter som har vore viktige, frå ulike museum, bibliotek og arkiv til innvandrarorganisasjonar og kultursenter.

Det faglege samarbeidsprosjektet med Høgskulen i Volda kan sjåast som eit gjennombrot for NLIs samarbeid med universitet og høgskular. NLI har sagt ja til å vere aktiv samarbeidspartner med Universitetet i Oslo, NTNU, Handelshøyskolen BI og Universitetet i Tromsø (og fleire andre institusjonar). Til desse prosjekta har Forskningsrådet stilt midlar til disposisjon (sjå s. 9f).

For første gong på meir enn ti år har NLI i 2010 kunna setje av ressursar til eigen forsking for ein av sine tilsette. Oppslutninga om NLIs eige fagutviklingsseminar har vore god, med innlegg frå høgt kvalifiserte deltakarar. Vi vonar at dette kan bli innleiinga til ei tid da forskingsaktivitet blant dei tilsette kan få høgare prioritet fordi vi veit at brei erfaring frå forsking vil kunne gi solid basis for god planlegging og val av strategiar i åra som kjem.

At NLI har mangla økonomiske ressursar, har seinka framdrifta på vidareutvikling og samkjøring av våre ulike nettsatsingar. Fleire av dei oppgåvene vi har måtta utsetje, krev både avansert programmering og kjennskap til fagfeltet lokalhistorie. Dei eignar seg difor ikkje til å setjast bort til eksterne konsulentar. Eit døme på slikt arbeid er nettpublisering av historisk kjeldemateriale. At vi også i 2010 har utsett dette arbeidet,

er ein konsekvens av at NLI ikkje har fått gjennomslag for ønsket om ei ny, fast stilling som ikt-strateg ved instituttet.

Vi er overtydde om at flyttinga av tyngdepunktet for NLIs verksemd vil halde fram. Stadig meir rådgiving og dokumentasjon vil foregå på Internett. Dermed vil nye grupper kunne bruke tenestene våre – og på nye måtar.

Ei rask utveksling av informasjon vil ikke kunne skje uten at det blir knytta gode tekniske løysingar til nettsidene våre. Presset utanfrå vil vise seg på dette området i den tida som kjem. Det vil vere særsviktig for NLI at instituttet får ein fast, overgripande og heilskaplig ikt- og internettstrategi, med særleg vekt på wikiteknologien. Det er her veksten vil kome – og med den, stadig nye utfordringar.

Innleiing

Norsk lokalhistorisk institutt (NLI) er ein statsinstitusjon under Kulturdepartementet (KUD). Instituttet skal fremje lokal- og regionalhistorisk arbeid i Noreg og gi råd og rettleiing til dei ulike aktørane. Det skal både drive eiga forsking og stimulere til forsking og fungere som eit nasjonalt dokumentasjonssentrum for lokalhistorie. NLI har vore i drift med eigne kontor og eigen styrar/leiar sidan byrjinga av 1956.

NLIs noverande verksemd er heimla i følgjande grunnlagsdokument:

- *Vedtekter*, sist endra ved styrevedtak 7. februar 1995 og godkjende i brev frå Kulturdepartementet 8. juni 1998.
- *Arbeidsplan for Norsk lokalhistorisk institutt*, vedtatt av styret 7. februar 1995.
- *Instruks for leieren ved Norsk lokalhistorisk institutt*, vedtatt av styret 7. februar 1995.
- *Økonomiinstruks*, revidert av styret 29. juni 2005.

a) Styre og personale

NLIs styre er oppnemnt av Kulturdepartementet for perioden 1.1.2010 – 31.12.2013.

Det har følgjande samansetjing:

1. Frå Noregs Museumsforbund: *Torveig Dahl*, Valdresmusea, leiar.
Varamedlem: Pål Christensen, Museum Nord.
2. Frå Den norske historiske forening: *Finn-Einar Eliassen*, Høgskolen i Vestfold, nestleiar. Varamedlem: Atle Døssland, Høgskulen i Volda.
3. Frå Arkivverket: *Eli Fure*, Riksarkivet
Varamedlem: *Cæcilie Stang*, Statsarkivet på Hamar.
4. Frå Landslaget for lokalhistorie: *Aud Mikkelsen Tretvik*, NTNU.
Varamedlem: Guri Vallevik Håbjørg, pensjonist.
5. Frå dei tilsette ved NLI: *Ola Alsvik*. Varamedlem: Hans P. Hosar.

Styret har hatt eitt møte i 2010.

Fast tilsett personale:

Knut Sprauten: direktør 01.01–31.12.

Ola Alsvik: forskar 01.01–31.12.

Hans P. Hosar: forskar 01.01.–31.12.(permisjon 01.02-31.05 utan løn).

Marianne Wiig: rådgjevar, 01.01.–31.12. (80 % stilling fram til 01.03, så 100 %).

Siri M. Iversen: konsulent, 01.01.–31.12

I alt: 4,6 årsverk

Mellombels tilsette: Til saman: 2,2 årsverk. Dette kan splittast opp slik:

Marthe Glad Munch-Møller: vit.ass. 01.01.–31.05, 20 % stilling; 01.06–31.07, 40 %; 01.08–31.12, 100 %; i alt 22,4 vekeverk.

Ida T. Vedeld: 01.01.–31.12., prosjektleiar, 45 vekeverk.

Olve Utne: 01.01.–31.12., forskar (22,5 % stilling), 10,1 vekeverk.

Trond Nygård: 01.08–31.12, forskar (50 % stilling), 9,4 vekeverk.

Liv B. Johansen: 01.03–30.06, fagkonsulent (85 % stilling), 12,8 vekeverk.

I 2010 har NLI totalt hatt 6,8 årsverk til disposisjon på faste og øvrige stillinger.

I samarbeid med NAV Aure har NLI i hausten 2010 kunna bruke Dena Utnes programmeringskompetanse til å videreutvikle den tekniske plattformen for lokalhistoriewikien, særleg med omsyn til navigasjonsmalar.

b) Likestilling ved NLI

	Totalt (10)		Leiarstillingar (1)		Øvrige stillinger (9)	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønsfordeling- alle tilsette (i pst.)	50 (5)	50 (5)		100 (1)	47 (5)	53 (4)
Kjønsfordeling-heiltidtilsette (i pst.)	50 (3)	50 (3)			50 (2)	50 (2)
Kjønsfordeling-deltidtilsette (i pst.)	50 (2)	50 (2)			50 (3)	50 (3)
Gjennomsnitts-løn (i 1000 kr)	295(5)	331 (5)		594 (1)	295 (5)	265 (4)

Mennene har dei faste stillingane med dei høgaste krava til kvalifikasjonar og er difor dei best lønte. Styret for NLI består av tre kvinner og to menn. Leiaren er kvinne.

c) "Grøn stat"

NLI har formalisert miljøarbeidet ved å skipe eit miljøutval. Her sit Siri Iversen og Knut Sprauten. NLI har inga rolle som produsent (bortsett frå produksjon av kunnskap innan lokalhistorie), og har heller inga rolle som byggherre og eigedomsforvaltar. Ved innkjøp legg vi vinn på bruk av miljøvenleg papir, og deltar i ei ordning med papir til gjenvinning. NLI vel dei minst miljøbelastande produkta når det skal gjerast innkjøp, og har gjennomført tiltak for sparing av energi til belysning på kontora. All søppel blir kjeldesortert. Det er ei felles ordning for heile bygget "Halvbroren".

d) Rekneskap for 2010

UTGIFTER

01. 111 Faste stillingar	: 2 192 601
01. 113 Mellombels	: 937 048
01. 131 Honorar og bistillingar	: 39 803
01. 141 Stipend	: 16 000
01. 171 Styrehonorar	: 5 601
I alt	: 3 191 053
<u>Arbeidsgjevaravg. 14,1%</u>	<u>: 449 360</u>

Sum underpost 01-1 : 3 640 413

01. 21 Maskiner, inventar, utstyr	: 17 238
01. 22 Forbruksmateriell	: 166 784
01. 23 Reiseutgifter o.a.	: 126 977
01. 24 Kontortenester	: 356 988
01. 25 Konsulenttenester	: 563 137
01. 26 Databehandlingstenester	: 55 755
01. 29 Drift av bygningar, husleige	: 1 355 840
I alt på underpost 01-2	: 2 641 719
Utgifter totalt	: 6 282 132

INNTEKTER

Endeleg tildeling for 2010	: 5 935 000
Løyving frå Norsk kulturråd	: 540 000
Bydel Grünerløkka, utstilling, tilskot:	30 000
Kompensasjonar (LLH, Høgskolen i Bodø)	: 134 379
Handelshøyskolen BI, refusjon	: 19 860
Refundert arbeidsmarknadstiltak	: 7 788
Tilfeldige inntekter	: 39 441
Disponibelt 2010	: 6 706 468
Rekneskap 2010	: <u>6 282 132</u>
Mindreutgift	: <u>424 336</u>

e) Forklaring på avvik i regnskapstall i høve til budsjetttramme for 2010

Det står att ein sum på kr. 424 336 som ikkje er brukt i 2010. Vi har bede KUD om at denne summen vert overført til 2011. Det er ein føresetnad for at vi skal kunne gjennomføre planane våre for 2011 – eit år da vi etter måten får små tilskot utanfrå til verksemda.

Forklaringa på det nemnde mindreforbruket er mellom anna

- at eit tilskot på 80 000 kroner til prosjektet *Norsk-tamilenes historie* ikkje kunne brukast i 2010 fordi det norsk-språklege manuskriptet ikkje vart ferdig innan utgangen av året.
- at rekningar for ikt-arbeid som vart utført i 2010, kom til NLI etter 15. desember og dermed ikkje kunne betalast før på nyåret.
- at bygging av nytt cellekontor vart utsett etter at representantar for Nasjonalbiblioteket orienterte om mogleg flytting av NLI til ein annan etasje.

f) Integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn

Instituttet er så lite at det ikkje kan gjere stort når det gjeld tilsetjingar. Det er 4-7 år før det vert ledig ei fast stilling. Men NLI har sidan *Mangfaldsåret 2008* og vidareføringa med prosjektet *Mangfaldige minne* arbeidd entusiastisk med utstillingar og dokumentasjon for å synleggjere innvandrarane og gi dei høve til å fortelje sine

eigne historier om sine møte med Noreg og kvifor og korleis dei kom til landet (sjå s. 12f og nettstaden <http://www.mangfoldigeminner.no/>).

Elles har instituttet gjort mykje for å fremje integrering ved å ta initiativ til at innvandrarane si soge blir trekt fram i nye lokalhistoriske publikasjonar og gjort synleg som en viktig del av historia til alle lokalsamfunn. Vi ønskjer dermed å syne at folk med innvandrarbakgrunn skal kunne rekrutterast til lokalhistoriske foreininger og lokalhistorisk arbeid, og sjåst som ressurspersonar både i stor- og i lokalsamfunnet. Arbeidet med og interessen for lokalhistorie gir høve til å skape gode møteplassar.

Instituttet har framleis engasjert seg i bokprosjektet *Afrikanere i Norge*, som skal dokumentere og formidle afrikansk nærver i det norske samfunn frå ca. 1600 til i dag (sjå s. 14).

NLIs engasjement i historia til *norsk-tamilene* kan også sjåast som arbeid for integrering og inkludering (sjå s. 14).

g) Systematiske brukarundersøkingar

NLI gjennomfører brukarundersøking kvart fjerde år, og vi innhentar informasjon frå dei fleste kommunane i Noreg. Arbeidet vidare med det innsamla materialet er ressurskrevjande for instituttet, og vi kan ikkje ha slike undersøkingar oftare enn no. Det er vanskeleg nok å få kommunane til å svare på spørsmålå våre kvart fjerde år. Neste gong skal vi hente inn opplysingar for 2010. Undersøkinga skal gjennomførast i 2011.

h) IKT-arkitektur

Norsk lokalhistorisk institutt har dei siste fire åra søkt om midlar til ei stilling som ikt-strateg, mellom anna for å få høve til å gjennomføre fleire utviklingsprosjekt på Internett som vi ser at det er eit stort behov for, både hjå eit allment og eit fagorientert publikum. Denne typen prosjekt krev høg ikt-fagleg kompetanse, og det gjer også planlegging av ikt-arkitekturen til instituttet. Utan denne typen kompetanse kan instituttet vanskeleg vurdere og implementere alle dei informasjonssystema, programma og komponentane som NLI må ta stilling til. I løpet av året har vi kome fram til løysingar som i ein viss mon kompenserer for mangelen på avansert ikt-kompetanse. Vi har brukt eksterne konsulentar og ikt-kyndige medarbeidarar på NAV-midler. På nettstaden lokalhistoriewiki.no har vi dessutan fått høve til å bruke frivillig arbeidskraft med ikt-kompetanse. Vi samarbeider om ikt-drift med Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB), som vi er samlokalisert med. Men sjølv om dette kan gi oss høve til å gjennomføre nokre av dei fellesstatlege løysingane som er aktuelle for vår institusjon, vil det ikke vere fullnøyande.

Gjennom nettsatsingane våre har vi eit utåttretta tenestetilbod med stort innslag av brukargenerert innhald. Særleg i samband med lokalhistoriewikien har vi eit vidstrekta samarbeid med andre institusjonar (sjå s. 16 og 18). Vi gir rom for mange små lokalhistoriske prosjekt, gjerne i regi av kommunar eller andre offentlege institusjonar, under ein felles paraply. Nettstaden bruker open kjeldekode og velprøvd programvare med stor utbreiing (Mediawiki). Wikien vår kan enkelt integrerast med andre nærståande wikiar (interwikilinking), ei løysing som har vore diskutert med liknande statlege verksemder.

Det er ikkje aktuelt for NLI å legge ut gradert informasjon, men vi har eit apparat som følgjer opp det brukargenererte innhaldet med tanke på dei juridiske aspekta. Nettstadene våre er døgnopne, og tenestene er skalérbare med omsyn til talet på brukarar og datamengde. Vi arbeider kontinuerleg med å betre funksjonaliteten for brukarane på grunnlag av tilbakemeldingar. Brukarane har gode og varierte vilkår for kommunikasjon med og tilbakemeldingar frå NLIs tilsette. NLI skal arbeide med forsking og formidling, dokumentasjon og rettleiing, men har i dag ingen tenester som gjør det naturleg å ta i bruk Altinn. Når det gjeld dei langsiktige planane for teknisk utvikling og ikt-arkitektur, syner vi til samarbeidpartnaren NLB og årsmeldinga og planarbeidet deira.

i) IA-avtale

NLI har få tilsette, og det er god trivsel på arbeidsplassen og særslit fråver. Fleire av dei tilsette har gjennom dei siste åra ikkje hatt fråver på grunn av sjukdom i det heile. Vi har difor ikkje tatt initiativ til å bli IA-verksemde.

j) Risiko- og vesentlegheitsvurdering

I planen vår for risiko- og vesentlegheitsvurdering som blei utarbeidd i 2007, har vi peika på at instituttet treng å tilsetje ein fagperson med høg ikt-kompetanse og som samstundes har stor innsikt i lokalhistorisk arbeid. Løyvingane fram til no har ikkje gitt rom til dette. NLI meiner at det er stor risiko for at instituttet kan bli vurdert som ”utdatert” dersom vi ikkje kan få styrkt dette fagfeltet. Å opprette ein ny ikt-stilling så snøgt som mogleg vil ha mykje å seie for den framtidige rolla som NLI kan ha i det lokalhistoriske fagmiljøet.

Etter revisjon av el-tryggleik av Infratek Elsikkerhet AS gav NLI i oktober 2010 tilsvart på dei manglane som vart påpeika, og dokumenterte kva som var målene for instituttet sitt HMS-arbeid. Infratek var vel nøgd med det arbeidet som var gjort, og hadde ingen merknader.

k) Dei etiske retningslinene for statstenesta

Instituttleiaren har gjennomgått dei etiske retningslinene saman med dei tilsette. Vi vart da merksame på følgjande formulering i FADs publikasjon *Etiske retningslinjer for statstenesta*, 7. september 2005, s. 3: ”Det er viktig at den tilsette blir sikra ei fagleg og personleg utvikling og at det blir teke omsyn til kvar enkelt sine behov ved organisering av arbeidet.” Dette har inspirert oss til å lage planar om nye stillingsinstruksar for dei tilsette i løpet av 2011.

l) Arbeidet med varslingsrutinar

På ein så liten arbeidsstad som NLI er det kort veg for ein eventuell varslar til leiaren (direktøren) og til styreleiaren. Dei tilsette er dessutan medlemer i fagorganisasjonar som kan ta vare på interessane til ein varslar. Verken leiaren eller dei tilsette har ønskt å prioritere dette arbeidet no.

Verksemda til NLI er gruppert under tre hovudmål. NLI skal

- fremje lokalhistorisk arbeid i Noreg.
- drive god fagleg formidling og vere eit nasjonalt dokumentasjonssentrum.
- vidareutviklast som ein landsdekkjande, fagleg framståande instans, med best mogeleg bruk av økonomiske og personalmessige ressursar og med eit triveleg arbeidsmiljø.

1. FREMJE LOKALHISTORISK ARBEID I NOREG

NLIs overordna mål er å fremje lokalhistorisk arbeid i Noreg. Instituttet skal gjere sitt for å skape eit høgt fagleg nivå innan norsk lokalhistorisk forsking og stimulere til god formidling, særleg når det gjeld bygde- og byhistorie. Gjennom verksemda si skal NLI også stimulere til at dei forfattarane som arbeider med fagfeltet, er godt fagleg kvalifiserte og lesarorienterte, har interesse av å setje seg inn i fagleg debatt og følgje med, både i norsk og internasjonal forskingsaktivitet som har lokalhistorisk relevans.

1.1 Rettleiing

NLI rettleier mange av dei som er engasjerte i det lokalhistoriske arbeidet i norske kommunar, mellom anna ved å gjennomgå og kommentere manuskript og svare på skriftlege og munnlege førespurnader. I løpet av 2010 har NLI hatt rådgjevande kontakt med lokalhistoriske forfattarar, oppdragsgjevarar og andre i 50 kommunar (65 i 2009, 67 i 2008, 52 i 2007, 65 i 2006 og 2005). Når det gjeld fleire av kommunane, har dei i 2010 vore involvert i eit omfattande samarbeid, både innanfor lokalhistoriewikien og meir tradisjonelle område. Det betyr at dei tilsette har rettleia forfattarar, oppdragsgjevarar og andre aktørar som er knytta til lokalhistoriske prosjekt. Dei tilsette har dessutan vore med på fleire planleggingsmøte med initiativtakrar til nye lokalhistoriske verk. Vi har òg hatt telefonisk kontakt eller korrespondanse med andre personar som er engasjerte i lokalhistorisk arbeid. Det kan elles nemnast at NLI v/Knut Sprauten har inngått i ei referansegruppe for planlegging av Telemark fylkeshistorie, og at Ola Alsvik har bidratt betydeleg i arbeidet med byhistorie for Gjøvik kommune og kommunehistorie for Skedsmo kommune.

På nettstaden *lokalhistorie.no* ligg ei oversikt over ”ofte stilte spørsmål” både frå forfattarar og oppdragsgivarar i samband med lokalhistoriske bokprosjekt. Dette kan ha medverka til å redusere talet på direkte førespurnader til NLI. Mykje rettleiing har i 2010 også vore kanalisert gjennom wikien, der lokalhistorisk teori og praksis vert formidla til bidragsytarar og lesarar både i form av diskusjonar og artiklar. Denne delen av wikien planlegg vi å vidareutvikle i 2011, gjerne i samarbeid med andre institusjonar og organisasjonar.

NLI har i 2010 gjennomgått og kommentert manuskript frå 7 bokprosjekt, til saman ca. 2200 sider (10 bokprosjekt og 2000 sider i 2009, 6 bokprosjekt og 620 sider i 2008, 7 bokprosjekt og 2000 sider i 2007, 15 bokprosjekt og 3340 sider i 2006 og 20 prosjekt og 3700 sider i 2005). Dei manuskripta som er vurderte, er knytta til følgjande kommunar: Nøtterøy, Os, Tolga, Hol, Gjøvik, Skedsmo, Sandøy og Bardu. Dette er omtrent på same nivå som i tidlegare år.

NLI har gjennom rettleiingstenesta si råda fleire kommunar til å satse på ein kombinasjon av trykt og digital bygdebok. Ein slik kombinasjon vert nytta i Skedsmo og Gjøvik, der forfattarane i bokverka kan konsentrere seg om dei lange linene, mens mykje av faktainformasjonen vert lagt ut i lokalhistoriewiki.no.

1.2. Seminar- og kursverksemd

Dei seminara og kursa som er gjennomførte i 2010, har vore knytta til prosjektet *Minne frå migrasjon* (sjå s. 12f) og lokalhistoriewikien eller blitt arrangerte i samarbeid med andre institusjonar.

1.2.1. Oppdragshistorie: marknad, produksjon og bruk

NLI arrangerte dette seminaret 28. oktober i "Halvbroren" saman med IAKH (Universitetet i Oslo) og SNH (Handelshøyskolen BI). Seminaret var finansiert av Forskningsrådet (NFR) og hadde 65 deltagarar. Gjennom seminaret sette vi eit kritisk søkjelys på bruk og produksjon av oppdragshistorie. Dette er det første av to seminar som tar utgangspunkt i kommentarane til NFRs evalueringsutval for norsk historiefagleg forsking, slik dei vart presenterte i rapporten frå utvalet i 2008.

1.2.2. Lokalhistorie som grensekryssande historie.

Saman med professor Ida Bull ved NTNU har NLI vore involvert i planlegginga av seminaret "Lokalhistorie som grensekryssende historie", som vart halde ved Trøndelag folkemuseum, Sverresborg i Trondheim 5.–6. november. Forskningsrådet finansierte arrangementet, som hadde 40 deltagarar (tal på deltagarar vart avgrensa).

På dette seminaret tok vi opp spørsmålet om korleis vi innan lokalhistorie kan analysere ulike forhold og samband som går ut over nasjonale rammer. Vi ønskte å gi døme på at internasjonale prosessar kan studerast gjennom lokalsamfunna si historie, og at internasjonale prosessar samstundes kan belyse historia til lokalsamfunna. Dette gjeld også spørsmålet om korleis påverknadene har vore og medverka til at utviklingstrekk har vorte endra, påverka og skifta kurs. Føremålet med seminaret var å løfte dette opp på eit teoretisk plan og få i gang en diskusjon av *korleis* eit slikt samspill foregår, for dermed å kunne utvikle norsk lokalhistorie vidare. Seminaret er knytta til prosjektet *Beyond Borders. Transnational movements through history*, ved Institutt for historie og klassiske fag, NTNU.

1.2.3 Å arbeide med migrasjonshistorier og migrasjonshistoria

I samarbeid med Drammen byarkiv arrangerte NLI eit dagseminar for folk i arkiv og museum som arbeider med innvandring og dokumentasjon. Seminaret vart halde på Union Scene i Drammen 20. oktober, og hadde om lag 20 deltagarar. Seminaret var uformelt og sentrert rundt dialog og debatt, og hadde følgjande hovudinnlegg:

- Finansiering og organisering: Korleis har vi fått det til? Ved Opplandsarkivet avdeling Maihaugen.
- Forsking og formidling. Korleis legg vi til rette for begge delar? Ved Opplandsarkivet avdeling Maihaugen.
- Teori og praksis. Korleis får ein plass til innvandrarhistoria i arkivkvardagen? Ved Oslo byarkiv.
- Samarbeid på tvers. Er det mogeleg å samarbeide tettare enn i dag? Ved Norsk folkemuseum.
- Museum som fleirkulturell møteplass. Ved Interkulturelt museum.

1.2.4 Kurs i wikiarbeid

NLI har i 2010 arrangert wikikurs følgjande stader:

- Wikikurs Skedsmo, 26. januar. Kursleiarar: Ola Alsvik og Marianne Wiig.

- Wikikurs Skedsmo, 11. mars. Kursleiarar: Nils Steinar Våge, Siri Johannessen og Marianne Wiig.
- Wikikurs Eiker, 13. mars. Kursleiarar: Ola Alsvik og Siri Johannessen.
- Wikidugnad Skedsmo, 26. april 2010. Dugnadsleiarar: Nils Steinar Våge og Siri Johannessen.
- Wikikurs Kragerø, 9. august. Kursleiar: Siri Johannessen.
- Wikikurs Volda, 6. september. Kursleiarar: Arnfinn Kjelland og Siri Johannessen.
- Administratorkurs Oslo, 10. desember. Kursleiarar: Marthe Glad Munch-Møller og Ida Tolgensbakk Vedeld.
- Wikidugnader Oppegård, fleire datoar vår og haust. Dugnadsleiar: Siri Iversen.
- Wikidugnader Gjøvik, fleire datoar på hausten. Dugnadsleiar: Trond Nygård

1.3. Oppdragsforsking og utgreiing

NLI hadde ingen slike oppdrag i 2010.

1.4. Publikasjonsverksemd

1.4.1. Lokalhistorisk magasin

Hans Hosar og Marianne Wiig er med i redaksjonen for *Lokalhistorisk magasin*, som NLI gir ut saman med Landslaget for lokalhistorie. Marianne Wiig har også ansvar for den grafiske utforminga. Marthe Glad Munch-Møller har levert bidrag både når det gjeld innhald og form. Årgangen hadde følgjande temanummer: "Handel og vandel" (nr. 1), "Bydelshistorie" (nr. 2), "Andre verdenskrig" (nr. 3), "Natur og miljø" (nr. 4). Heile årgangen (og tidlegare årgangar f.o.m. nr. 3/2005) er lagt ut i fulltekst på lokalhistorie.no (http://www.lokalhistorie.no/kilder_litteratur/publ/lokmag.html).

1.4.2. Skrifter frå Norsk lokalhistorisk institutt

Det vart ikkje utgitt nytt nummer av serien i 2010.

1.4.3. Digital publisering

Også i 2010 har NLI konsentrert kreftene når det gjelder digital publisering til lokalhistoriewikien. Dei tilsette ved NLI har produsert artiklar både av realhistorisk og metodisk/rettleiande karakter i wikien. NLI har ikkje kunna prioritere digital publisering av større verk pga. mangel på ressursar.

1.4.4. Eigen fagleg publisering

Ola Alsvik har publisert følgjande i 2010:

- "Grenslandet mellom by og bygda: Et forsøk på å forstå Lørenskogs rom", trykt i *Heimen*, bind 47, 2010: s. 225–242.

Hans Hosar

- Melding i *Heimen* 1/2010 av Jan Eivind Myhre: *Mange veier til historien. Om historiefagets og historikernes historie* (Oslo 2009).

Marthe Glad Munch-Møller

Intervju med Odd Einar Dørum til *Lokalhistorisk magasin* 4/2010

Knut Sprauten

- ”Sverre Steen og Jacob Aall”, *Jacob Aall-prosjektet*, Skrift nr. 2, Næs Jernverksmuseum 2010, s. 73–79
- ”Kristiania 1743”, trykt i [arkiv]magasinet 2/2010, s. 34–37
- ”Spor etter internasjonal forskning i norske lokalhistoriske publikasjoner i tiden etter 1990?” Trykt i *Heimen* 2010/4, s. 373–379
- ”Hvilken rolle kan Norsk lokalhistorisk institutt (NLI) og Landslaget for lokalhistorie (LLH) spille for stedsnavninnssamling?”, trykt i *Nytt om namn* nr. 50, s. 49–50.

Marianne Wiig

Jeg kunne vært museumsdirektør! Kulturminister Anniken Huitfeldt / intervjuet av Marianne Wiig. I: *Lokalhistorisk magasin* 2/2010, s. 22–26.

1.5. Andre tiltak til å fremje lokalhistorie i Noreg

1.5.1. Nettbasert lokalhistorie – *lokahistoriewiki.no*

Også i 2010 har vi sett nærmere på vekselvirkninga mellom dei ulike seksjonane i wikien. Nettopp denne mulegheita gjer at wikien skil seg frå andre nettstader.

Eit døme på eit slikt ”vekselvirkningsprosjekt” er det som handlar om samvirke (<http://www.lokalhistoriewiki.no/index.php/Forside:Samvirke>). I ”Allmenningen”, som i stor mon innehold ”objektive” artiklar i leksikalsk form, er det publisert artiklar om Forbrukersamvirket på lokalt og regionalt plan og dessuten samanbindande artiklar på eit meir overordna plan. I ”Galleriet” er det lasta opp biletar av lokale samvirkelag, ekspeditriser, reklameplakatar osb. I ”Kjeldearkivet” er det høve til å kombinere skriftleg kjeldemateriale med munnlege kjelder, og som hjelp for brukarar som til dømes ønskjer å intervju tidlegare tilsette, har vi lagt ut spørjelister i metoderommet. Ein kan også tenkje seg bibliografiske artiklar knytta til samvirke, og i *Norsk historisk leksikon* vil ein kunne finne relevante ordforklaringar. Prosjektet er initiert av NLI, men har involvert fleire av brukarane i wikien og dessutan eksterne samarbeidspartnarar som Riksarkivet og ABM-utvikling (sjå elles s. 17)

Eit anna prosjekt som utnyttar potensialet til wikien på en god måte, er ei mikrohistorisk utforsking av Brugata i Oslo, der kvart einskild hus vert presentert gjennom artiklar, biletar og andre kjelder som viser bebuarar og verksamheter i gata gjennom tidene. NLI samarbeider mellom anna med Oslo byarkiv om dette prosjektet, som i 2010 har vorte supplert både med artiklar, biletar og kjelder.

NLI har også publisert fleire haugianerbrev i wikien og knytta dei i hop med biografiske og metodiske artiklar. Nokre av dei tilsette ved NLI har dessutan fokusert på urfolk- og minoritetshistorie i wikien, både på lokalplanet og på eit meir overordna

plan. Blant anna har eit prosjekt om samisk kultur og språk vekt merksemd blant forskarar innan feltet.

1.5.2 Prosjektet *Mangfaldige minne*

Prosjektet *Mangfaldige minne* lever framleis, blant anna i form av nettstaden, som er utgangspunkt for publisering av arbeidet med prosjektet *Minne frå migrasjon*. Utstillinga *Veier til Søndre Nordstrand*, som vi laga saman med Deichmanske bibliotek Holmlia i 2009, avslutta si vandring i folkebiblioteksystemet i mai 2010. Da hadde over 21.000 menneske sett utstillinga. I tillegg stod utstillinga i Furuset forum i samband med Oslo kommune si markering av den internasjonale flyktningdagen 18. desember.

1.5.3. Prosjektet *Minne frå migrasjon*

Prosjektet *Minne frå migrasjon* blei oppretta som eit samarbeid mellom Norsk lokalhistorisk institutt, Landslaget for lokal- og privatarkiv, Landslaget for lokalhistorie og Norsk folkeminnelag. Seinare kom også avis *Utop* til som samarbeidspartnar. Prosjektet skulle “samle inn og formidle immaterielle, flyktige kulturminner, i form av tekster frå brev og annen korrespondanse, minner knyttet til gjenstander assosiert med migrasjonen til Norge og andre typer av erindringsmateriale frå innvandrermiljøer”.

Prosjektet har vore finansiert gjennom bidrag frå Fritt Ord (2009), Norsk lokalhistorisk institutt og Norsk kulturråd (2010–2011). Det var opphavleg tenkt som ei satsning i Kulturminneåret 2009, men hovudvekta av aktivitetar har lege til 2010, og prosjektet vil også halde fram ut i 2011. Ida Tolgensbakk Vedeld er framleis prosjekteiar, og Liv Bjørnhaug Johansen var ansvarleg for vandreutstillinga, fram til august 2010. Ola Alsvik er den tredje i arbeidsgruppa, og har mellom anna stått for utarbeiding og distribusjon av brosjyra ”Minner fra migrasjon!”, som er omsett til ei rekke språk (urdu, somali, spansk, tamil og tyrkisk). I samband med distribusjonsarbeidet har han stått på stand i ICC (Islamic Cultural Center) og under konferansen International Migrants Day, som ble arrangert på Furuset forum 18. desember.

Utstillinga *Minne frå migrasjon* vart opna på Norsk folkemuseum 9. september 2010. Utstillinga har etter dette besøkt Valdresmusea, Drammen kommune (Papirbredden) og Museumssenteret i Hordaland, Avd. Vestnorsk utvandringscenter.

Samarbeid med Svenska Margaretakyrkan blei initiert ved hjelp av Anders Gustavsson (IKOS, UiO) våren 2010. Vi har ønskt å dokumentere livet til dei svenske krigsbrudene i Oslo i tilknytning til ”Maiklubben” og ”Onsdagstreffet”, som begge er grupper i kyrkjelyden. Samarbeidet har førebels resultert i intervju, i nokon mon skrivne av kvinnene sjølve og dels av Ida T. Vedeld.

NLI har samarbeidd med Islamic Cultural Centre (ICC) i Oslo om profilering av prosjektet, blant anna gjennom nettstaden deira og i samband med deltaking på *Eid Mela-arrangementet 2010* i Ekeberghallen. Vi har også fått høve til å kome direkte i moskeen etter bøna for å informere.

Vi søkte EMI om midlar til eit delprosjekt i samarbeid med Kampen frivillighetssentral, og har arrangert to arbeidsseminar saman med gruppa *Vafler og Sambusa* og elevar ved introduksjonskurset i norsk. Samarbeidet skal resultere i ei bok der folk presenterer ein gjenstand som har betydd noko for dei i samband med at dei har flytta til den staden der dei bur no.

Tamilsk veilednings- og ressurssenter i Lørenskog har også fått midler frå EMI for eit samarbeid med oss. Dette har enno ikkje gitt konkrete resultat, men arbeidet vil halde fram i 2011.

1.5.4. Prosjekt om historia til Norsk-tamilene

På oppfordring frå Norsk kulturråd tok norsk-tamiliske Umapalan Sinnadurai i april 2009 kontakt med NLI for å presentere eit foreløpig manuskript til ei bok om historia til norsk-tamilene. Manuskriptet er skrive på tamil, og i forståing med forfattaren har NLI søkt om økonomisk støtte til omsetjing. Søknaden – som også inkluderer fagleg og redaksjonell kvalitetssikring av manuskriptet – fekk støtte på kr. 100.000 frå Norsk kulturråd. Omsetjinga frå tamil er enno ikkje avslutta, så løyvinga er ubrukt. Frå NLI er det Alsvik, Vedeld og Sprauten som har hatt kontakt med Sinnadurai.

1.5.5. Samarbeid med organisasjonen Afrin

NLI har vore involvert i slutføring av arbeidet med eit manus om afrikanarar i Noreg, og hjelpte Afrin med å utforme søknad om økonomisk støtte til prosjektet frå Institusjonen Fritt Ord. Søknaden vart innvilga med kr. 75.000.

Instituttet har i 2010 hjelpt til med redaksjonelle råd til prosjektet, men det er foreininga Afrin som no har ansvar for utgjeving av manuskriptet og skal skaffe finansiering av prentekostnadene.

1.6. Forsking og utgreiing

1.6.1 Noregsbrev

Arbeidet med å registrere ”noregsbrev” (for det meste brev frå Noreg til Amerika) er ikkje ført vidare i 2010.

1.6.2. Eigne forskingsprosjekt for dei tilsette

For første gong på mange år har Ola Alsvik kunna bruke arbeidstid (om lag $\frac{1}{4}$ årsverk) på forskingsprosjektet sitt ”Grunnlagsproblemer i norsk lokalhistorie”. Han har særleg konsentrert seg om å utvikle og spesifisere hovudtema i prosjektet med utgangspunkt i internasjonal fagdebatt knytta til den såkalla ”romlege vendinga”. Eit konkret resultat av dette arbeidet er artikkelen ”Grenselandet mellom by og bygd: Et forsøk på å forstå Lørenskogs rom”, som handlar om kva for teoretiske og metodiske omgrep som kan vere fruktbare for å analysere grenselandet mellom by og land, urbant og ruralt rom. Vidare har han brukta forskingstid i samband med eit foredrag han skreiv til HIFO-dagane i Bø: ”Bare spor i ord? Ny kulturhistorie i lokalhistoria” (sjå s. 11 og s. 19).

Forskningsprosjekta til dei andre tilsette måtte nedprioriterast på grunn av meir presserande oppgåver. Vi seier oss leie for at vi ikkje har kunna gitt alle forskarane i staben høve til å bruke eiga tid til forsking, trass i at dei både har rett og plikt til å

drive forsking. Det er ein viktig føresetnad for å drive godt utviklingsarbeid ved instituttet og rettleie andre.

Hans Hosar har i 2010 hatt permisjon utan løn frå NLI i fire månader for å arbeide med bygdebok for Skjåk kommune. Dette bygdebokarbeidet har styrkt kompetansen hans innanfor eit fagfelt som står sentralt i rådgivingstenesta til NLI.

På initiativ frå gjesteforskarane våre, forskar Jon Skeie og professor Harald Rinde, har instituttet skipa eit fagutviklingsseminar (forskinsseminar) for dei tilsette og andre inviterte forskrarar. I haustsemesteret 2010 vart det halde fire møte, med innlegg frå professorane Erling Sandmo og Frank Meyer, forskar Ola Alsvik og universitetsstipendiat Dag Hundstad.

1.6.3. NLIs mastergradsstipend

I 2004 skipa NLI ei fast stipendordning for mastergradsstudenter /hovudfagsstudentar som skriv om lokalhistorisk relevante emne innan historie eller tilgrensande fag. Stipendet er på 15.000 kroner, og vert utdelt ein gong i året. Formålet med stipendet er å stimulere til auka interesse for lokalhistorie som fagfelt og til meir lokalhistorisk forsking.

Styret har oppnemnt ein stipendkomité som er samansett av professor Jan Eivind Myhre, direktør Knut Sprauten og forskar Hans Hosar. Dei har vurdert søknadene til dei ni søkerane som hadde meldt seg i 2009 (tildelinga utsett til januar 2010) og dei to søkerane i 2010. Stipendet for 2009 vart tildelt Lars Aase for mastergradsarbeidet hans om sørlandsk emigrasjon til Sør-Afrika 1880–1914 (Universitetet i Agder). Tildelinga for 2010 gjekk til Per Jostein Vang for eit mastergradsarbeid om kva for tilhøve innbuarane på Furuset har til drabantbyen deira som lokalsamfunn (Universitetet i Oslo).

2. FORMIDLING AV LOKALHISTORISK INFORMASJON

NLI skal drive god fagleg formidling og vere eit nasjonalt dokumentasjonszentrum. Instituttet skal lage oversikter over aktørar innan lokalhistorisk arbeid, over ein del kategoriar lokalhistorisk litteratur og gi informasjon om norsk lokalhistorie.

2.1. NLIs nettsatsingar

NLI har tre nettstader: *lokalhistoriewiki.no* (sjå s. 12), *mangfoldigeminner.no* (sjå s. 12f) og *lokalhistorie.no* (inkludert *localhistory.no*), med Marianne Wiig som koordinator. Vi har i 2010 halde fram med å flytte over og integrere materiale som innbyr til interaktivitet, frå *lokalhistorie.no* til wikien. Tida er moden for å oppgradere både innhald, struktur og teknologi på *lokalhistorie.no*. Vi kom i 2010 så vidt i gang med dette arbeidet og fekk etter møte med konsulentfirmaet Webservices tilbod frå dei. Diverre måtte vi nedprioritere dette arbeidet til fordel for wikien, som vi meiner er meir dynamisk og framtidsretta. Dette syner både tilbakemeldingar frå lokalhistoriemiljøet og statistikken. Statistikken for *lokalhistorie.no* og lokalhistoriewikien gir informasjon om talet på besök pr. månad på nettsidene kring slutten av 2010:

Besök Unike brukarar Viste sider Treff

Lokalhistorie.no	10.000	8.000	25.000	104.000
Lokalhistoriewikien	44.000	28.000	471.000	1.627.000

Dette syner at talet på unike brukarar for tida er kring 100.000 pr. år for lokalhistorie.no og 336.000 for wikien.

2.1.1. Sosial produksjon og formidling av lokalhistorie gjennom nettstaden lokalhistoriewiki.no

Lokalhistoriewiki.no nærmar seg 10.000 artiklar og har allereie (13. januar) passert 10.000 bilete. Dette vert i wikisamanheng rekna som “kritisk masse” og er eit teikn på at tilstrekkeleg mange er interesserte i og tek eigarskap i kvart einskilt oppslag. Når dette punktet er passert, kan ein vente seg ein rask auke i talet på artiklar og bilete.

Pr. 25. januar 2011 hadde vi 9553 artiklar og 10.086 bilete, mot 6867 artiklar og 5341 bilete 12. januar 2010. Ein må vere registrert som brukar (bidragssytar) for å kunne skrive artiklar og laste opp bilete på wikien, og i byrjinga av 2011 hadde wikien totalt 813 registrerte brukarar. Blant desse finn vi både faghistorikarar og amatørar. For å lese artiklar og søkje etter bilete, treng ein derimot ikkje vere registrert.

Wikien har ein administrasjon som er sett saman av både løna og frivillige medarbeidarar. Han består av administratorar, som følgjer opp brukarar, overvakar materiale som blir lagt inn og ”wikifiserer” dette, og faglege rettleiarar som går gjennom bidrag, kjeldebruk, deltek i faglege diskusjonar osb. Gjennom året har vi rekruttert fleire nye administratorar og rettleiarar, og målet er at i det i tillegg til kompetanse på dagleg drift, skal finnast allsidig fagleg og geografisk fordelt kompetanse i wikien. I 2010 har vi hatt fleire prinsipielle faglege diskusjonar på e-postlista for rettleiarar, i tillegg til dei mange diskusjonane som går føre seg på wikien, og rettleiargruppa spelar ei stadig viktigare rolle for kvalitetssikringa av artiklar på wikien.

På innhaldssida har det mellom anna vore jobba med grunnleggjande artiklar innanfor emneområde som samvirke, kulturvern, gardshistorie, kommunetypar og skulehistorie. Det har òg vorte skrive metodeartiklar om til dømes byhistorie og urbanisering. Arbeidet med samisk språk og kultur er også ført vidare. Dessutan har vi fått fleire artiklar om høgtider og merkedagar, og på slutten av året vart det sett i gang eit prosjekt som går ut på å automatisere kategoriane for årstal, slik at ein til dømes for 1905 får opp artiklar om hendingar rundt om i landet dette året.

Vi har elles aktive brukarar i mange fylke og har utvida stofftilfanget merkbart i Østfold (særleg Marker og Fredrikstad), Akershus (særleg Follo og Romerike), Oslo (særleg har Brugata-prosjektet auka i omfang), Oppland (særleg Gudbrandsdalen, Gjøvik og Toten), Buskerud (særleg Øvre og Nedre Eiker), Vestfold (særleg Larvik), Telemark (særleg Kvitseid og Seljord), Sogn og Fjordane (særleg Luster), Møre og Romsdal (aktive brukarar i fleire kommunar), Nord-Trøndelag (særleg Steinkjer), Nordland (særleg Helgeland) og Troms (særleg Harstad).

Galleriet har nesten dobla talet på biletet i 2010 og har stor geografisk og tematisk spreiing. Bileta blir brukt til å illustrere artiklar som allereie er skrivne, men dei inspirerer også brukarane til å lage nye artiklar. Dessutan har bileta ein sjølvstendig funksjon ved at ein kan søkje opp til dømes bygningar, reiskapar, klede eller båtar og få opp ei samling biletet frå ulike stader og periodar. Bibliografidelen av wikien har vakse mykje gjennom året, og bibliografiene fungerer også som inspirasjon til å skrive artiklar.

Vi har i 2010 hatt eit godt samarbeid med juristane på Nasjonalbiblioteket og fått avklart fleire prinsipielle spørsmål, særleg om opphavsrett. Når det gjeld dei meir strukturelle og tekniske sidene ved wikien, fekk vi i 2010 mellom anna automatisert alle dei geografiske forsideiene (inngangssider til landsdelar, fylke, distrikt og kommunar), noko som vil kan spare oss for mykje vedlikehald. På slutten av året sette vi dessutan i gang ein dugnad for å reorganisere kategoriane (emneordna), og dette vil halde fram i 2011.

Mykje av den tekniske vidareutviklinga av wikien har konsulentfirmaet Linpro stått for, men Siri Johannessen, Dena Utne og Olve Utne har også gjort mykje på dette feltet. Olve Utne har dessutan bidratt med eit stor tal biletet og fordjuping i samisk språk og kultur. Det kan mellom anna nemnast at Utne har gjennomført eit stort fotofeltarbeid i 2010 som har inkludert **Salten** (Bodø, Saltdal, Sørfold), **Nordmøre** (Smøla, Aure, Halsa, Kristiansund, Tingvoll, Surnadal, Sunndal), **Fosen** (Hemne), **Uttrøndelag** (Rennebu, Midtre Gauldal, Orkdal), **Dovrefjell** (Dovre, Folldal) og **Oslo** (bl.a. Observatoriet, Cochs Pensjonat, Frognervn., Nor Moské, Jernbanetorvet, Henrik Ibsens gt., Parkvn., sikhtempelet på Alna m.m.). I tillegg kjem ein del fotos frå mellom anna Rana og Tysfjord.

Ola Alsvik har hatt ansvaret for marknadsføring av wikien og vore bindeledd i juridiske spørsmål. Han har mellom anna produsert artiklar i metodeseksjonen og har hatt ansvar for å utvikle innhald og etablere organisasjonsformer i samband med eit prosjekt som tar sikte på å bruke lokalhistoriewikien til å framstille historia om samvirkerørsla i Noreg. Dette prosjektet er et samarbeid mellom NLI og Riksarkivet. En bachelorstudent ved Høgskolen i Volda har arbeidd på wikien med å skrive ei oppgåve om Sydal samvirkelag under rettleieng av Arnfinn Kjelland, Ola Alsvik og Siri Johannessen. Studenten avla eksamen våren 2010.

Siri Iversen har vore ansvarleg for bibliografiene i wikien. Hans Hosar har mellom anna arbeidd med system for kjeldetilvisingar og skriving av gardshistorie og kommunehistorie på wikien. Han har dessutan skrive artiklar om den lokalhistoriske rørsla, skole-, agrar-, militærhistoriske tema, samt artiklar frå Skjåk og Gudbrandsdalen.

Ida Tolgensbakk Vedeld, Marthe Glad Munch-Møller og Siri Johannessen har hatt hovudansvaret for NLI sin del av dagleg administrasjon i wikien. Dei to fyrstnemnde har også skrive artiklar og skaffe biletet og kjelder til Brugata-prosjektet. Dei har og, i samarbeid med Ola Alsvik, hatt ansvaret for å rekruttere nye administratorar til wikien. I tilknytning til kursverksemda har Alsvik hatt hovudansvar for å utarbeide nybyrjarbrosjyren "Lokalhistoriewiki.no. En digital hovedvei fra sted til sted."

Liv Bjørnhaug Johansen har særleg jobba med kulturvernstoff, og Chris Nyborg har fullført arbeidet med å få Lørenskog leksikon over i wikien. Trond Nygård har jobba med artiklar, bilete og kjelder frå Gjøvik og Østre Toten og dessutan hatt administrative oppgåver i wikien. Marianne Wiig er prosjektleiar for wikien og har organisert arbeidet til brukarar, administratorar, rettleiarar og eksterne konsulentar. Det dreier seg om arbeid med teknisk utvikling og drift, struktur og brukargrensensnitt, policy og retningsliner, organisering og kvalitetssikring av innhald, brukarkontakt og organisering av møte, wikidugnader osb.

For samarbeid med eksterne og for kursverksemd i samband med wikien, sjå elles s. 16f og 18f og s. 10f.

2.2. NLI's nettstrategiske utval

I utvalet sit:

- Kåre Andersen, amanuensis, Universitetet i Oslo, Institutt for arkeologi, konservering og historiske studium.
- Arnfinn Kjelland, fyrsteamanuensis, Historisk institutt, Høgskulen i Volda.
- Lars Nygaard, seniorrådgjevar, Seksjon for digitalt depot, Riksarkivet.

Utvalet har i 2010 mellom anna vore konsultert i samband med teknisk utvikling av lokalhistoriewikien og prosjektet Historisk befolkningsregister.

2.3. Kontakt med lokalhistoriske aktørar og publikum

2.3.1. Wikien

NLI har gjennom wikien hatt kontakt med eit mangfold av aktørar i 2010. Marknadsføringsplanen for wikien for 2009–2010 hadde som viktigaste målgrupper historielaga, ABM-institusjonane, universitet- og høgskulesektoren og kommunane. Vi har i 2010 drive aktiv marknadsføring overfor desse gruppene gjennom kursverksemd, møter, utsending av brosjyrar og generell informasjon gjennom e-post og Facebook. Det siste er nytt av året. Wikien har kring 250 vener på Facebook, og denne kanalen vert nytta til å syne fram nye artiklar i wikien. Vi har registrert at wikien stadig oftare vert nemnd i trykte og nettbaserte media, både i form av omtalar og av tilvisingar til artiklar i wikien. Dessutan har talet på tilbakemeldingar frå lesarar av wikien gått opp. Den viktigaste marknadsføringa meiner vi likevel skjer gjennom produksjon av innhald på wikien, og det er gjennom innhaldet at mange av dei som har tatt kontakt med NLI har vorte merksame på wikien.

Innanfor biblioteksektoren har vi mellom anna samarbeidd med Deichmanske bibliotek om å integrere nettstaden deira ”Er det her jeg hører til?” i wikien. Dessutan har vi stått i nær kontakt med Nasjonalbiblioteket når det gjeld juridiske spørsmål. Vi har også vore i dialog med Museums forbundet om samarbeid, og elles har enkeltmuseum som Mjøsmuseet, Akershus fylkesmuseum, Helgeland museum og Oslo museum bidratt i wikien på ulike vis. Innanfor arkivsektoren har vi mellom anna samarbeidd med Oslo byarkiv, og saman med Stiftinga Asta/Riksarkivet søkt om midlar frå ABM-utvikling/Kulturrådet til eit felles kjeldebrukprosjekt i wikien, prosjektet ”Arkiv, kilde, bruk”. Målet for prosjektet er å auke den allmenne kompetansen på arkiv ved å bruke Lokalhistoriewiki.no som plattform for rettleatingsartiklar i arkivbruk. Dette kan kombinerast med omtale av det einskilde arkiv og med informasjon om arkivskaparar.

I løpet av året har vi dessutan hatt fleire møte med og presentasjonar for tilsette i ABM-utvikling (sjå s. 20). Når det gjeld kommunane, har vi hatt møte eller konkret samarbeid med mellom anna Skedsmo, Gjøvik, Oppegård, Kragerø, Eiker og Lørenskog.

Vi har også hatt kontakt med fleire universitet og høgskular i samband med wikien, mellom anna Høgskulen i Volda og biblioteka ved Høgskulen i Telemark og NTNU. I 2010 byrja vi dessutan eit samarbeid med Universitetet i Stavanger, Rogaland historie- og ættesogelag og Wikimedia Norge om kurs i wikiarbeid. NLI har inngått ein intensjonsavtale Wikimedia Norge om samarbeid, mellom anna om kursing. I 2010 har vi også hatt fleire møte med Kulturvernforbundet og med *Bygg og bevar* (ein ny kulturvernnettstad). I samarbeid med Kulturvernforbundet har NLI gjennom forsider og artiklar lagt til rette for bidrag i wikien frå medlemer i forbundet.

2.3.2. Lokalhistorisk nettverk

Lokalhistorisk nettverk vart skipa i 2006, som eit tverrsektorielt fysisk og virtuelt nettverk for institusjonar og organisasjonar som arbeider med forsking, dokumentasjon og formidling av lokalhistorie. Nettverket si e-postliste hadde 1. februar 426 medlemer og vart i 2010 brukt både av NLI og medlemene til å informere om seminar og utgjevingar osb., men som diskusjonsarena har vår nettstad *lokalhistoriewiki.no* vist seg å fungere mykje betre.

2.3.3. NLIs bibliotek og lokale

NLIs nye lokale i ”Halvbroen” har fire lesesalsplassar. Det er registrert berre 20 besøkjande i biblioteket i 2010. Ein av gjestene har brukta biblioteket som arbeidsplass nesten kvar dag. Eit større tal gjester har kome for å drøfte konkrete spørsmål med dei tilsette, men desse personane er dverre ikkje registrerte.

2.4. Utstillingar

I samarbeid med fotograf André Clemetsen og Ida T. Vedeld har Ola Alsvik vore med som tekstforfattar for utstillinga ”Hvor lenge varer en krig...” (Vietnam-utstillinga) som vart opna i Oslo Museum 11. september (sjå elles om utstillingar, knytta til *Mangfaldige minne og Minne frå migrasjon* s. 3 og 13).

Det kan også nemnast at Alsvik saman med fotograf André Clemetsen har arbeidd med ei vidareføring av Vietnam-utstillinga i form av eit bok-prosjekt kalla ”Tre stemmer – én krig”.

2.5. Anna kurs- og formidlingsverksemnd

Dei tilsette har også halde foredrag, presentasjonar eller orienteringar om etterspurde tema på arrangement som ikke har vore i NLIs regi (for wiki-kurs, sjå s. 10f).

Ola Alsvik

har halde følgjande foredrag i 2010:

- Kommunen i samfunnet – en historisk kameleon? Foredrag i Lillerommen, Vormsund 18. mars.
- Byen som begrep – hvor blir det av byen når alt blir by? Foredrag Austad gård, Drammen 24. mars.

- Bare spor i ord? Ny kulturhistorie i lokalhistoria. Foredrag ved Historiedagene i Bø 19. juni (foredraget vart framført av Knut Sprauten).
- Lokalhistoriewiki.no – nytt lim i gammelt kunnskapsfelt. Foredrag ved Høgskolen i Bø, 28. september.

Hans Hosar

- Eigaraksjonen i Skjåk Almenning 1938–1941. Foredrag på seminar arrangert av Skjåk Almennings eigarlag i Skjåk 23. januar.
- Foredrag om lokalhistorie på Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforenings kurs Hvordan skrive historie? 13.–14. februar.

Siri Johannessen

Presentasjon av lokalhistoriewiki.no. Odalen, 17. april.

Knut Sprauten:

- *Embetsmennenes vurderinger av bønder på 1700-tallet*. Innlegg på arbeidsseminar i Volda, 11.-12. oktober.
- *Kristiania og forstedene*, foredrag i Aker seniorakademi 19. oktober.
- Om bygdebøker – innslag i P1, 18. november.

Marianne Wiig

Presentasjoner av lokalhistoriewiki.no i ulike samanhengar, m.a.

- *Lokalhistoriewiki.no. Ideale mål... Og de kronglete veiene dit*. Fagdag ABM-utvikling, 21. oktober. Presentasjon saman med Hans Hosar.
- Presentasjon for Kulturvernforbundets medlemslag. 2. november.
- *Lokalhistoriewiki.no og kulturnettene*. Regionale kulturnett – samling. ABM-utvikling, 8. november.

Ida Tolgensbakk Vedeld:

- “Levnadshistorier og migrationsberättelser”. Foredrag ved Mångkulturellt centrum (i Fittja, Sverige) sitt seminar *Migration som minne, berättelse och kulturarv* den 25. oktober.

3. UTVIKLING VIDARE FOR NLI

I NLIs målprogram heiter det at instituttet skal videreutviklast som en landsdekkende, faglig framstående instans, med optimal utnyttelse av tilgjengelige økonomiske og personalmessige ressurser og et trivelig arbeidsmiljø.

Instituttet har gjennom rådgivingstenesta si nådd ut til folk over heile Noreg, både ved å lese manuskript, arrangere seminar og svare på spørsmål. Ei vidare utbygging av NLI sine nettstader i 2010 har betra utsiktene til å nå ut til eit enda breiare publikum.

Men for at instituttet skal vere en fagleg bastion for lokalhistorikarar, er det viktig at dei tilsette er i eit fagmiljø som har ”spisskompetanse”, er i forskarfronten og deltar aktivt i fagleg debatt.

3.1. Samarbeid med ulike forskingsmiljø

Høgskulen i Volda

I februar 2007 byrja NLI eit samarbeid med Høgskulen i Volda (Historisk institutt og Institutt for religion, livssyn og kristendom) om prosjektet *Kulturperspektiv på møtet mellom embetsmenn og bønder*. Prosjektet drøftar den etablerte oppfatninga av at det i perioden ca. 1660–1870 fanst ei kulturell todeling i det norske samfunnet – ein elitekultur (der embetsmannsgruppa dominerte) og ein folkekultur (der bondegruppa dominerte). Professor Atle Døssland er prosjektansvarleg, medan direktør Knut Sprauten, Norsk lokalhistorisk institutt og førsteamannensis Arnfinn Kjelland er ansvarlege for kvar sitt delprosjekt (sjå: <http://www.hivolda.no/index.php?ID=14380>)

I prosjektet er det sett av midlar til *Andrew Newby*, som arbeider ved Universitetet i Aberdeen. Han bidrar til ei internasjonalisering av prosjektet ved å gjere skotsk historie eigna for komparasjon. Dessutan er det tilsett fleire stipendiatar, og ein god del mastergradsstudenter er også knytta til prosjektet. Det kan og nemnast at det er etablert ei nettverksgruppe av sentrale fagfolk ved ulike universitet: professorene *Arne Bugge Amundsen* og *Øystein Rian* (Oslo), *Anne-Hilde Nagel* (Bergen), *Steinar Supphellen* (Trondheim) og *Narve Fulsås* (Tromsø).

Det vart arrangert eit to-dagars arbeidsseminar i Volda 11.–12. oktober. Her fekk mellom anna mastergradsstipendiatane på prosjektet og alle faste medarbeidarar høve til å ha innlegg. Professor Ståle Dyrvik hadde kommentarar til prosjektet som heilskap.

Det gode samarbeidet mellom NLI og Høgskulen i Volda har medverka til at dei også har forplikta seg til å samarbeide om eit anna prosjekt, *1814-historia sett nedanfrå*. Søknad om midlar til prosjektet er sendt til Forskningsrådet.

Andre samarbeidspartnarar

Som tidlegare nemnt samarbeider NLI med andre akademiske lærestader om forskingsseminar og wikiseminar: Universitetet i Oslo, Handelshøyskolen BI, NTNU og Universitetet i Stavanger (sjå s. 9f og 19).

Landslaget for lokalhistorie (LLH) legg planar å starte ei ny minneinnsamling i løpet av 2011. Slike innsamlinger er viktige for at vi skal kunne dokumentere fortida godt. Blant dei temaat som ein får innblikk i, er dagleliv, arbeidsliv, barndom, vaksenliv, fødsel og død. NLI har sagt seg villig til å vere med på prosjektet. Andre som også er positive til dette prosjektsamarbeidet, er Norsk Folkeminnelag, IKOS (Institutt for kulturstudiar og orientalske språk), NEG (Norsk etnologisk gransking) ved Norsk Folkemuseum og Institutt for historie og klassiske fag (NTNU) og DIS.

NLI er aktiv samarbeidspartner i prosjektet Norsk historisk befolkningsregister (HBR), som står under leiing av professor Gunnar Thorvaldsen, Registreringssentral for historiske data, Universitetet i Tromsø. Forprosjektet blir fullført våren 2011, og det er søkt om midlar til hovedprosjektet frå Forskningsrådet.

Hovudansvarleg institusjon for prosjektet er Universitetet i Tromsø ved Registreringssentral for historiske data. Samarbeidspartnarar er Riksarkivet, Statistisk sentralbyrå, Norsk Regnesentral, Norsk lokalhistorisk institutt, Høgskulen i Volda

med dataprogrammet Busetnadssøge for produksjon av gards- og slektshistorieverk, Folkehelseinstituttet og Universitetet i Oslo. K. Sprauten representerer NLI i styringsgruppa for prosjektet medan H. Hosar og M. Wiig arbeider i kvar si prosjekt- og arbeidsgruppe.

NLI er samarbeidspartner i prosjektet Historisk administrative grenser (HAG), som vart igangsett i 2009 med prosjektmidlar frå ABM-u. Prosjektet er leia av Statens kartverk, og samarbeidspartnalar elles er Riksarkivet og Universitetet i Oslo. Prosjektet tek sikte på å etablere digitale kartdata over historisk-administrative inndelingar (i fyrste rekke kommunar, futedøme og prestegjeld og sokn). Inndelingane blir bygde opp med matrikkelgardane som byggjesteinar. Desse kartdataa vil vere særsviktige for å byggje opp intelligente geografiske søkjessystem i dei store arkiva, og skal kunne tilbydast som onlineinternett-tjenester, slik at dei kan integrerast i andre etatars web-løysingar (som t.d. lokalhistoriewiki.no). Marianne Wiig og Hans Hosar er NLIs representantar i arbeidsgruppa.

3.2. Deltaking på faglege konferansar og kurs som ikkje er arrangerte av NLI

Ola Alsvik:

- Er opphavssretten gått ut på dato? Seminar arrangert av Gyldendal forlag 20. januar.
- Aandu Villa (Tamilsk kulturkveld) sentrum scene, 6. februar.
- ABM-institusjonanes samfunnsrolle, konferanse Oslo Plaza 12. oktober.
- International Migrants Day, konferanse på Furuset forum, Oslo 18. desember.

Hans Hosar

- Konferanse om lokale kulturnett, arrangert av ABM-u 8. november.

Siri Iversen:

- SSØ-kurs om feriepengar 29. april.

Knut Sprauten:

- SSØ-kurs om feriepengar 29. april.
- Historiedagane i Bø, 18–20. juni (HIFO).
- Agderseminaret 15.–16. oktober, Universitetet i Agder.

Olve Utne

- «Sami Language Documentation and Revitalisation», eit kurs ved Høgskolen i Bodø, inkludert eit lab-kurs i pitesamisk feltarbeid/intervju med ein informant frå Arjeplog.

Marianne Wiig:

- ABM-konferansen 11.–12. oktober.

NLIs tilsette blir brukt som førelesarar, lærarar og som sensorar på universitets- og høgskolenivå, og kan såleis seiest å ha eit godt fagleg nivå. Dei har også verv i ulike

faglege fora, deltar på konferansar og kurs for å utvikle seg fagleg, og dei har nær kontakt med andre forskarar og eit breitt forskingsmiljø.

3.3. Verv i faglege fora

Ola Alsvik er medlem av redaksjonsrådet til *Heimen*, representant i NLIs styre for dei tilsette og varamedlem i Kjeldeskriftkommisjonen v/Riksarkivet. Han har også vore sensor ved Høgskulen i Volda.

Hans Hosar og Marianne Wiig er NLIs representantar i prosjektet ”Nasjonale karttenester over historisk-administrative grenser”.

Hans Hosar er representant i prosjektgruppa for Historisk befolkningsregister (HBR), og Marianne Wiig i arbeidsgruppa for HBR-wikien, som er en del av samme prosjektet.

Hans Hosar er varamedlem i Landslaget for lokalhistorie og i Heimens redaksjonsråd.

Knut Sprauten er oppnevnt som NLIs representant i styret for Strangers kulturfond og er leiar for verksemda. Han er historisk konsulent for Postens frimerketeneste, styremedlem i Landslaget for lokalhistorie (LLH), medlem i styringsgruppa for prosjektet Historisk befolkningsregister (HBR) og medlem i styringsgruppa for prosjektet Kulturperspektiv på møtet mellom embetsmenn og bønder (Høgskulen i Volda) og leiar for eitt av delprosjekta. Han har vore sensor i historie ved Universitetet i Oslo og ved Høgskolen i Vestfold.

3.4. Drift av instituttet

3.4.1. Bibliotek, rettleiingsmateriell og bibliografisk arbeid

NLI har eit funksjonelt instituttbibliotek og distribuerer rettleiingsmateriell.

Tilveksten i 2010 var 306 band (291 i 2009, 416 i 2008, 513 i 2007, 496 i 2006 og 455 i 2005). Det meste er lokalhistorisk litteratur som instituttet har mottatt som gåver, men mykje er også kjøpt inn. Siri Iversen har katalogisert og merka publikasjonane og sendt lister over nye bøker og tidsskrifter til alle NLI-tilsette. Totalt inneheld instituttbiblioteket ved slutten av året 19.770 band.

Iversen har ansvar for bibliotekstatistikken, fjernlånsoversikta og tar seg av rettleiing av dei som kjem til NLI. Ho svarar på førespurnader pr. telefon og e-post og held oversikt over lagerbeholdninga av NLIs publikasjonar. Dessutan held ho kontakt med andre bibliotek og institusjoner, noko som er særstilt nyttig for bibliografiarbeidet.

Bibliografien over ny lokalhistorisk litteratur har sidan 2008 ikkje lenger vorte prenta i *Heimen*, men opplysningane vert samla inn som før og ført inn i bibliografioversiktene i Lokalhistoriewiki.no.

I 2010 starta overføring av innhald frå bibliografibasane for fullt. Det vert utarbeidd ei grunnoversikt for kvar kommune, region og fylke basert NLIs bibliografiske

databasar: Norsk lokalhistorisk litteratur 1900-, Bygdebøker under arbeid, Hovudoppgåver 1907-, Katalog over noregsbrev 1840–1960 og Bibliografi over trykte kjelder til norsk litteratur. I tillegg blir det laga oversikt over lokalhistoriske tidsskrift og årbøker for kvart fylke.

Siri Iversen har systematisk gått gjennom bibliografiar frå tidlegare år og lagt til opplysingar om nye utgjevingar og komplettert med nye band, ISBN- og ISSN-numre. Ho tar òg med lenker til digitaliserte utgjevingar som ligg fritt tilgjengeleg på Internett. Alle brukarar på Lokalhistoriewiki.no er velkomne til å leggje til informasjon om lokalhistoriske publikasjonar, biletbasar eller anna som er relevant. Bibliografien for Skedsmo kommune er eit døme på ein bibliografi som er ordna etter emne av brukarane i samarbeid med NLI-biblioteket.

NLIs bibliografi for 2010 er enno ikkje ferdig sidan overføringa til Lokalhistoriewiki.no har vore såpass tidkrevjande.

3.4.2. Administrasjon

Sidan 1. september 2004 har NLI hatt Senter for strategisk økonomistyring (SSØ) Tromsø, avdeling Vadsø som rekneskapssentral med fullservicemodell. NLIs kontaktperson har vore Siri Iversen. Ho har ansvar for sentralbord, kontrollerer vedlikehald av kontormaskiner, har ansvar for journalføring, arkiv, løn (SAP), innkjøp, godkjenning i bank, noko rekneskap og oppdateringar i Statskalenderen. NLB gjer resten av reknesaksoppgåvene. Ho har hatt ein del praktisk arbeid knyttta til NLIs seminarar, og har representert instituttet i brukarforumet for kantina og for "Halvbroren".

Siri Iversen har tilgang til og brukar alle dei sistema som er bundne til arbeidet med løn og rekneskap: Agresso, Contempus, Opal_con, SAP og Solman. Ho er "superbrukar" for personalportalen (tidl. ESS), og har deltatt på temamøta som SSØ har arrangert på Gardermoen (vår og høst). Eit arkivforum for KUDs underliggende etatar ble skipa i 2010, og ho har deltatt på alle møta i forumet.

Knut Sprauten har deltatt i personalforum for institusjonar under KUD 18.03, 16.09, 25.11. Dette forumet arrangerer møte der det vert drøfta saker av relevans for personaladministrasjon.

Det er gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i 2010.

3.4.2.1 Avtale mellom norsk lyd- og blindeskribtbibliotek (NLB) og NLI

I slutten av juni 2008 gav KKD samtykke til at NLB og NLI frå august av kunne starte opp eit samarbeid om rekneskapsspørsmål, økonomistyrings- og personalstyringsoppgåver, og dei to partnarane blei samde om korleis arbeidet skulle gjerast.

For å oppnå enda større synergieffekt av samlokaliseringa har NLI og NLB også vorte samde om ei felles ordning for it-drift (service) frå 2. kvartal 2010. Den ordninga har òg vore vellukka, og har mellom anna medverka til Oppgradering til Windows 7 på klient- og serversida og overgang til "cloud computing". Det har også vore kontakt om ytterlegare samarbeid innan ikt-sektoren.

Elles har NLI skaffa seg/gått vidare med desse tenestene:

- Webserverleie gjennom DIS
- Kjøpt konsulenttenester hos Linpro i samband med wikien
- Utvida avtalen med Nextgentel, slik at vi nå har garantert feilretting innan 4 timer

3.5. Ny strategiplan for "Sosial teknologi"

Styret har oppmoda NLI til å utarbeide eigen strategiplan for *Sosial teknologi* (ikt-strategi), og dette arbeidet er sett på planane for verksemda i 2011. I denne samanhengen må vi også vurdere om vi treng eit permanent fagråd for lokalhistoriewikien. Innsatsen innanfor wikien har etter kvart peika seg ut som noko av det viktigaste arbeidet NLI gjer. Det har vist seg at bruken av denne teknologien kan ha sterkt appell til framtidige samarbeidspartnarar, både innan dei profesjonelle forskingsmiljøa i historie, tilgrensande fag og blant andre som er interessert i lokalhistorie. Vi vonar at NLI kan få så store ressursar til disposisjon at instituttet etter kvart blir godt nok budd til å møte den utfordringa som kjem. Eiga stilling for ein ikt-strateg står høgast på ønskjestaden og så romleg instituttøkonomi at dyktige fagfolk kan setjast i arbeid med å fylle lokalhistoriewikien med solid innhald.

Sluttkommentar frå styret

I styremøte 12. februar 2011 vedtok styret årsmeldinga og følgjande kommentar:

Styret seier seg veldig godt nøgd med det arbeidet som er utført ved NLI i 2010. Styret ynskjer særleg å framheve at det i 2010 er brukt tid til eiga forsking, dette er viktig for ei styrking av fagstaben og instituttet som heilskap.

I 2010 har det vore ei positiv utvikling i arbeidet med mangfold – og ein har fått styrka instituttet sin kompetanse og nettverk i arbeidet med ulike innvandrarmiljø.

Styret beklagar at NLI ikkje har fått tilstrekkeleg med ressursar til den lenge høgt prioriterte stillinga som IKT-strateg. Utviklinga innanfor lokalhistoriewikien i regi av NLI og prosjektet mangfoldige.minner.no har synleggjort at slik kompetanse og strategisk tenking er viktig i arbeidet vidare.

Styret meiner at NLI i dei seinare år har teke mange solide grep for å utvikle instituttet og er imponert over breidden i NLI sitt arbeid gjennom året og den samla kompetanse som instituttet har utvikla.

Med arbeidet gjennom 2010 har ein teke fleire solide grep for å vise at det er ein institusjon godt forankra i ein fagtradisjon i spennet mellom den friviljuge lokalhistorierørsla og profesjonelle historikarar. Det er endringsvilje kombinert med tradisjonskunnskap som gjer at ein kan ta strategiske grep som peikar framover for instituttet, og kan bistå lokalhistorierørsla med høg kompetanse.

Oslo/Valdres 17.02.2011

Torveig Dahl
styreleiar

Knut Sprauten
direktør